



INDRE SOGN
SPAREBANK
Ekte lokalbank ved di side

PILAR III 2016

Informasjon i samsvar med krava i
kapitalkravsføreskrifta del IX (Pilar III)
Pr. 31.12.2016

INNHALD

Side	
3	1 Innleiing og føremål med dokumentet
3	1.1 Standardmetoden
4	2 Konsolidering
4	2.1 Konsolidering
4	2.1.1 Dotterselskap
4	2.1.2 Tilknytt selskap
4	2.2 Forskjellar mellom rekneskapsmessig konsolidering og konsolidering etter kapitaldekningsbestemmelsane
5	2.3 Avgrensingar på overføring av kapital eller tilbakebetaling av gjeld mellom konsernselskap
6	3 Ansvarleg kapital og kapitalkrav
6	3.1 Ansvarleg kapital
6	3.1.1 Spesifikasjon av ansvarleg kapital
7	3.1.2 Hybridkapital – fondsobligasjonar
7	3.2 Bufferkrav
7	3.3 Uventa kjernekapitalandel
8	4 Kredittrisiko og motpartsrisiko
8	4.1 Definisjon av mislighald og verdifall
8	4.1.1 Definisjon mislighaldne engasjement:
8	4.1.2 Definisjon andre tapsutsette engasjement:
8	4.1.3 Definisjon verdifall:
8	4.2 Metode for utrekning av nedskrivningar
9	4.3 Fordeling på engasjementstypar, typar av motpartar og geografiske område
10	4.4 Engasjement fordelt på engasjementstypar og gjenstående løpetid
10	4.5 Mislighald, nedskrivningar og avsetningar på garantiar
11	4.6 Endring i nedskrivningar på utlån og avsetningar på garantiansvar
11	4.7 Bruk av offisiell rating til kapitaldekningsføremål
12	4.8 Engasjementsbeløp og bruk av sikkerheiter m.v. ved fastsetting av kapitalkrav
13	4.9 Motpartsrisiko knytt til derivat
13	5 Eigenkapitalposisjonar
13	5.1 Finansielle eigendelar
13	5.1.1 Klassifisering
13	5.1.2 Finansielle eigendelar til verkeleg verdi over resultatet
13	5.1.3 Utlån og fordringar
13	5.1.4 Finansielle eigendelar tilgjengeleg for sal
14	5.1.5 Rekneskapsføring og måling
15	6 Renterisiko
17	7 Styring og kontroll av risiko
17	7.1 Innleiing
17	7.2 Organisering og ansvar
17	7.2.1 Styret
17	7.2.2 Adm. banksjef
17	7.2.3 Risk and Compliance Manager
17	7.2.4 Alle leiarane
18	7.3 Føremål og prinsipp for ICAAP
18	7.4 Styring og kontroll av enkeltrisikoar
18	7.4.1 Kredittrisiko
20	7.4.2 Likviditetsrisiko
20	7.4.3 Marknadsrisiko
20	7.4.4 Operasjonell risiko
21	7.4.5 Konsentrasjonsrisiko
21	7.4.6 Eigedomspriserisiko
21	7.4.7 Forretningsrisiko
21	7.4.8 Strategisk risiko
21	7.4.9 Systemrisiko
22	7.5 Banken si godtgjerleordning
22	7.5.1 Pensjonspliktingar
22	7.5.2 Bonusplanar
23	8 Staskjemaer for offentleggjering av opplysningar om ansvarleg kapital
23	8.1 Fondobligasjon
24	8.2 Ansvarleg lånekapital
25	8.3 Samansetning av ansvarleg kapital

1. INNLEIING OG FØREMÅL MED DOKUMENTET

Føremålet med dette dokumentet er å oppfylle krava til offentleggjering av finansiell informasjon etter kapitalkravsforskrifta sin del IX (pilar III).

Alle tal i dokumentet er pr. 31. desember 2016, og vert rapportert i heile tusen kroner med mindre anna går fram av dokumentet.

Kapitaldekningsregelverket er basert på tre pilarar:

Pilar I: Minimumskrav til ansvarleg kapital

Pilar I er eit minimumskrav til ansvarleg kapital og utgjer minst åtte prosent av berekningsgrunnlaget for kredittrisiko, marknadsrisiko og operasjonell risiko. Dei metodane som banken brukar ved berekning av minimumskrava for høvesvis kredittrisiko, marknadsrisiko og operasjonell risiko er vist i figuren nedanfor:

Type risiko	Valt metode
Kredittrisiko	Standard
Marknadsrisiko	Standard
Operasjonell risiko	Basis

1.1 STANDARDMETODEN

Indre Sogn Sparebank nyttar standardmetoden ved berekning av kapitalkrav for kredittrisiko. Standardmetoden inneber at det vert nytta standardiserte, myndigheitsbestemte risikovektar ved berekning av kapitalkravet. Ved berekning av kapitalkrav for operasjonell risiko, vert basismetoden nytta, noko som inneber at kapitalkravet vert rekna i høve til gjennomsnittleg inntekt siste tre år.

Det vert vist til annan litteratur for ei nærare beskriving av kapitaldekningsreglane.

Pilar II: Vurdering av samla kapitalbehov og individuell tilsynsmessig oppfølging

Pilar II er krav om at bankane har ein prosess, ICAAP¹, der banken vurderer kapitalbehovet i høve til banken sin risikoprofil, og utarbeidar ein strategi for å vedlikehalda kapitaldekninga innanfor dei rammene som er vedtekne. Tilsynsmyndigheitene skal overvaka og evaluera banken si interne vurdering av kapitalbehov og tilhøyrande strategi. Tilsynet skal setja i verk passande tiltak dersom dei ikkje vurderer prosessen for å vera tilfredsstillande.

Pilar III: Institusjonane si offentleggjering av informasjon

Pilar III er eit krav om at finansiell informasjon om kapitaldekninga og ICAAP-prosessen vert gjort offentleg.

Føremålet med Pilar III er å supplera minimumskrava i Pilar I og den tilsynsmessige oppfølginga i Pilar II. Pilar III skal bidra til auka marknadsdisiplin gjennom krav til offentleggjering av informasjon som gjer det muleg for marknaden, mellom anna analytikarar og investorar, å vurdere banken sin risikoprofil, kapitalisering, styring og kontroll.

¹ ICAAP = Internal Capital Adequacy Assessment Process = totalt kapitalbehov



2. KONSOLIDERING

I konsernrekneskapet for Indre Sogn Sparebank inngår Indre Sogn Sparebank (mor), Indre Sogn Sparebank Egedomssekling AS (dotter) og ISSB Forsikring AS (tilknytt selskap).

2.1 KONSOLIDERING

Konsernrekneskapet er utarbeidd som om konsernet var ei økonomisk eining. Det er brukt einsarta rekneskapsprinsipp for selskap som inngår i konsernrekneskapet. Alle vesentlege konserninterne transaksjonar, mellomverande og urealiserte vinstar og tap på transaksjonar mellom selskap som inngår i konsernet, er eliminert ved konsolidering av konsernrekneskapet.

2.1.1 Dotterselskap

Indre Sogn Sparebank kontrollerer 100 % av Indre Sogn Sparebank Egedomssekling AS. Selskapet skal driva med egedomssekling i Indre Sogn. Selskapet har tre tilsette. Forretningskontoradressa til Indre Sogn Sparebank Egedomssekling AS, er Storevegen 24, 6884 Øvre Årdal.

Tabellen gir ei oversikt over dotterselskap:

i 1.000 kr.

Namn	Tal aksjar	Bokført verdi	Eigarndel	Del av stemmerett	Forretningskontor	Type verksemd
Indre Sogn Egedomssekling AS	177	1 779	100 %	100 %	Årdal	Egedomssekling

Investering i dotterselskap er i morbanken sin rekneskap bokført til NOK 1,78 mill. pr. 31.12.2016.

2.1.2 Tilknytt selskap

Den 24.08.2016 kjøpte ISSB 351 aksjar, og eig med det 35 % av ISSB Forsikring AS. Forsikringsselskapet er samlokalisert med ISSB i Bergen og skal selja Eika Gruppen AS sine forsikringsprodukt. Selskapet har pr. 31.12.2016 to tilsette.

Tabellen gir ei oversikt over tilknytt selskap:

i 1.000 kr.

Namn	Tal aksjar	Bokført verdi	Eigarndel	Del av stemmerett	Forretningskontor	Type verksemd
ISSB Forsikring AS	351	135	35 %	35 %	Bergen	Forsikring

Investering i tilknytt selskap er i morbanken sin rekneskap bokført til NOK 0,14 mill. pr. 31.12.2016.

Indre Sogn Sparebank har ikkje felleskontrollert verksemd, selskap der investeringa er trekt i frå ansvarleg kapital og selskap i konsernet som ikkje er konsolidert og der investeringa ikkje er trekt i frå ansvarleg kapital.

2.2 FORSKJELLAR MELLOM REKNEKAPSMESSIG KONSOLIDERING OG KONSOLIDERING ETTER KAPITALDEKNINGSBESTEMMELSANE

Dotterselskapet, Indre Sogn Sparebank Egedomssekling AS, er konsolidert etter dei same prinsippa i rekneskapsamanheng som i kapitaldekningsmessig samanheng.

2.3 AVGRENSINGAR PÅ OVERFØRING AV KAPITAL ELLER TILBAKEBETALING AV GJELD MELLOM KONSERNSELSKAP

Det er ikkje inngått avtalar, privatrettslege eller andre faktiske avgrensingar som gjeld overføring av kapital mellom selskapa, Indre Sogn Sparebank (mor), Indre Sogn Sparebank Egedomssekling AS (dotter) og ISSB Forsikring AS (tilknytt selskap), i konsernet.

Elles blir adgangen til overføring av kapital eller tilbakebetaling av gjeld mellom selskapa i konsernet regulert av den til eikvar tid gjeldande lovgiving for bransjen.

3. ANSVARLEG KAPITAL OG KAPITALKRAV

3.1 ANSVARLEG KAPITAL

Indre Sogn Sparebank sin ansvarlege kapital er kjernekapital. Kjernekapitalen er sett saman av sparebankens fond, overkursfond, utjamningsfond, gåvefond, fond for urealiserte gevinstar, fondsobligasjonar og eigenkapitalbevis.

3.1.1 Spesifikasjon av ansvarleg kapital

Tabellen nedanfor viser berekningsgrunnlaget for kredittrisiko fordelt på dei enkelte engasjementskategoriane slik dei er definert i kapitalføreskrifta. I tillegg viser tabellen kapitalkrav for motpartsrisiko og operasjonell risiko og samla berekningsgrunnlag.

i 1.000 kr.

	Morbank		Konsern	
	31.12.2016	31.12.2015	31.12.2016	31.12.2015
Kjernekapital:				
Eigenkapitalbevis	31 625	31 625	31 625	31 625
Overkursfond	32 812	32 812	32 812	32 812
Sparebankens fond	169 777	164 812	169 473	165 177
Gåvefond	23 890	23 397	23 890	23 397
Utjamningsfond	30 434	19 138	30 434	19 137
Fond for urealiserte gevinstar	30 959	29 136	31 255	29 136
Frådrag	-62 129	-37 618	-62 742	-38 550
Rein kjernekapital	257 368	263 303	256 747	262 734
Fondsobligasjonar	39 895	40 000	39 895	40 000
Frådrag	-19 981	-28 156	-19 981	-28 172
Kjernekapital	277 282	275 147	276 661	274 562
Ansvarleg lånekapital	49 914	50 000	49 914	50 000
Frådrag	-19 981	-28 106	-19 981	-28 122
NETTO ANSVARLEG KAPITAL	307 215	297 041	306 594	296 440
Eksponeeringskategori:				
Statar	0	0	0	0
Lokal regional styresmakt	0	2 201	0	2 201
Institusjonar	23 740	3 804	23 740	3 804
Føretak	213 996	222 659	213 996	222 659
Massemarknad	0	0	0	0
Pantesikra eigedom	1 187 994	1 092 106	1 187 994	1 092 106
Forfalne engasjement	19 075	28 600	19 075	28 600
Høyrisiko	16 355	19 464	16 355	19 464
Obligasjonar med fortrinnsrett	6 513	9 893	6 513	9 893
Institusjonar og føretak med kortsiktig rating	1 252	58 042	1 252	58 042
Andelar verdipapirfond	3 028	1 494	3 028	1 494
Eigenkapitalposisjonar	41 389	39 239	39 610	33 991
Andre engasjement	77 692	122 672	79 611	124 367
Kapitalkrav frå operasjonell risiko	150 203	149 805	150 203	149 805
Frådrag	0	0	0	0
SUM BEREKNINGSGRUNNLAG	1 741 237	1 749 979	1 741 378	1 746 426
Kapitaldekning %	17,64 %	16,97 %	17,61 %	16,97 %
Kjernekapitaldekning %	15,92 %	15,72 %	15,89 %	15,72 %
Rein kjernekapitaldekning %	14,78 %	15,05 %	14,74 %	15,04 %

3.1.2 Hybridkapital – fondsobligasjonar

Indre Sogn Sparebank har teke opp fondsobligasjonar på følgjande vilkår:

i 1.000 kr.

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	Bokført verdi		Rente- vilkår
				31.12.2016	31.12.2015	
Fondsobligasjonar						
N00010675747	30.04.2013	Evigvarande	40 000	40 340	40 257	3 mnd. NIBOR + 4,90 %
		Calldato 30.04.2018				
Sum hybridkapital – fondsobligasjonar				40 340	40 257	

1) Lånet tel som kjernekapital også etter EU-forordningen for Basel III, og er godkjent av Finanstilsynet som kjernekapital. Banken kan frå 30.04.2018, og seinare kvartalsvis på rentereguleringsdatoar, innfri lånet heilt til kurs 100 %.

3.2 BUFFERKRAV

Etter lova skal banken ha ein bevaringsbuffer på 2,5 prosent, ein systemrisikobuffer på 3 prosent og ein motsyklisk buffer på 1,5 prosent. Nivået på den motsykliske bufferen blir fastsett av Finansdepartementet kvart kvartal.

Banken har pr. 31.12.2016 eit kombinert kapitalbufferkrav på NOK 95,78 mill.:

i 1.000 kr.

Buffertype	Krav til kjernekapital pr. 31.12.2016
Bevaringsbuffer	43 534
Systemrisikobuffer	52 241
Motsyklisk buffer	17 464
Kombinert bufferkrav	95 776

Banken har NOK 276,66 mill. i rein kjernekapital tilgjengeleg til å dekkja det kombinerte bufferkravet.

3.3 UVEKTA KJERNEKAPITALANDEL

Uvekta kjernekapitalandel vert rekna ut frå berekna kjernekapital med og utan overgangsordningar delt på engasjementsbeløp for balanseførde og ikkje balanseførde postar i kapitaldekningsoppgåva, justert for konverteringsfaktorar (ihht. i CRR artikkel 429, nr. 10)

i 1.000 kr.

Uvekta kjernekapitalandel	
Uvekta kjernekapitalandel (Kapital som er kvalifisert som kjernekapital)	256 747
Uvekta kjernekapitalandel (inkludert kjernekapital som er omfatta av overgangsreglar)	256 747

4. KREDITTRISIKO OG MOTPARTSRISIKO

4.1 DEFINISJON AV MISLIGHALD OG VERDIFALL

4.1.1 Definisjon mislighaldne engasjement:

Eit engasjement vert vurdert å vera misleghalde når kunden ikkje har betalt forfalne terminar på utlån innan 90 dagar etter forfall eller når overtrekk på rammekreditt ikkje er dekkja inn som avtalt innan 90 dagar etter at rammekreditten vart overtrekt.

4.1.2 Definisjon andre tapsutsette engasjement:

Eit engasjement vert vurdert å vera tapsutsett, sjølv om det ikkje er misleghalde enno, når det er identifisert objektive bevis på verdifallet.

4.1.3 Definisjon verdifall:

Utlån og garantiar vert vurdert etter "Forskrift om regnskapsmessig behandling av utlån og garantiar i finansinstitusjonar av 21.12.2004". Utlån vert målt ved første gongs balanseføring til verkeleg verdi (lånebeløpet som er overført til kunden). Ved seinare måling, vert utlån vurdert til amortisert kost fastsett ved bruk av effektiv rentemetode, som forenkla vil sei er utlånet sin balanseførte verdi ved første gongs måling, justert for mottekne avdrag og eventuell nedskrivning for tap. Dersom det ligg føre objektive bevis for at eit utlån eller ei gruppe av utlån har verdifall, vert det føreteke nedskrivning for verdifallet. Banken har utarbeida eigne retningslinjer for nedskrivning for tap på utlån og garantiar.

Kriterium for berekning av nedskrivningar på individuelle utlån, er at det ligg føre objektive bevis for verdifall. Objektive bevis på at eit utlån har verdifall inkluderer, i følge utlånsforskrifta, observerbare data banken har kjennskap til om følgjande tapshendingar:

- Vesentlege finansielle problem hjå debitor.
- Betalingsmislighald eller andre vesentlege brot på kontrakten.
- Innvilga utsetting av betaling eller ny kreditt til betaling av termin, avtalte endringar i rentesatsen eller andre avtalevilkår som følge av finansielle problem hjå debitor.
- Det vert vurdert som sannsynleg at debitor vil inngå gjeldsforhandling, anna finansiell restrukturering eller at debitor sitt bu blir teken under konkursbehandling.

4.2 METODE FOR UTREKNING AV NEDSKRIVINGAR

Nedskrivingsbeløpa vert utrekna som forskjellen mellom balanseført verdi og noverdien av estimerte framtidige kontantstraumar. Ved utrekninga av dei framtidige kontantstraumane vert sikkerheitene vurdert til pårekeleg salspris med frådrag for salskostnader.

Identifiseringa av tapsutsette engasjement tek hovudsakeleg utgangspunkt i tapshendingar som ligg føre på balansedagen, men objektive bevis på manglande framtidig oppgjersvevne hjå debitor vert òg vurdert. Banken føreteke kvartalsvise vurderingar av vesentlege engasjement med omsyn til individuelle- og gruppevise nedskrivningar.

Indre Sogn Sparebank nyttar ein sannsynlegheitsbasert (PD – probability of default) risikoklassifiseringsmodell på alle kundar der det er risiko for tap for banken. Det betyr at alle kundar med lån, kreditt eller garanti blir risikoklassifisert, i tillegg til kundar med overtrekk over NOK 1.000,-. Risikoklassifiseringsmodellane er delt i to hovudmodellar – ein for personmarknad og ein for bedriftsmarknad.

Hovudmodellane er igjen delt i ulike undermodellar. Det vert òg gjort eit modellmessig skilje mellom eksisterande og nye kundar. Risikoklassifiseringsmodellen som banken nyttar bereknar sannsynlegheit for at kunden går i mislighald i løpet av dei neste 12 månadane.

Følgjande risikoklassar vert nytta:

Sannsynlegheit for misleghald i prosent		
Risikoklasse	Frå og med	Til
1	0,01	0,10
2	0,10	0,25
3	0,25	0,50
4	0,50	0,75
5	0,75	1,25
6	1,25	2,00
7	2,00	3,00
8	3,00	5,00
9	5,00	8,00
10	8,00	100,00
11	Mislighald	
12	Tapsutsett	

Basert på risikoklassifiseringssystemet til Indre Sogn Sparebank der risikoklasse 1 representerer lågast og risikoklasse 12 høgast risiko. I risikoklasse 11 er alle kundar med misleghald over NOK 1.000 i 90 dagar gruppert. I risikoklasse 12 er alle kundar som banken har vurdert som tapsutsette gruppert.

4.3 FORDELING PÅ ENGASJEMENTSTYPAR, TYPAR AV MOTPARTAR OG GEOGRAFISKE OMRÅDE

Matrisa viser samla engasjementsbeløp etter individuelle nedskrivningar fordelt på engasjementstypar, typar av motpartar og geografiske område.

Engasjement¹ fordelt på engasjementstypar, geografiske område og typar av motpartar for morbank i 1.000 kr.

Type motpart	Utlån og fordringar	Unytta rammer	Garantiar	Sum
Personkundar	2 157 722	202 181	34 361	2 394 264
Primærnæring	26 771	12 936	526	40 233
Industri	25 791	6 314	6 909	39 014
Bygg og anlegg	83 035	19 662	19 410	122 107
Handel, hotell, restaurant, transport og tenester	174 657	15 061	8 662	198 380
Eigedomsdrift, privat tenesteyting m.fl.	259 930	22 848	4 168	286 946
Offentleg forvaltning og andre	45 902	8 447	8 031	
Eika Boligkreditt AS	1 071 270	0	0	1 071 270
Sum	3 845 078	287 449	82 067	4 152 214
Region Sogn	3 115 263	233 102	59 132	3 407 497
Landet elles	729 815	54 347	22 935	807 097
Gjennomsnitt²	3 719 408	317 204	83 645	4 120 257

¹ Etter individuelle nedskrivningar

² Gjennomsnitt av inngåande og utgåande balanse siste år

4.4 ENGASJEMENT FORDELT PÅ ENGASJEMENTSTYPAR OG GJENSTÅANDE LØPETID

Matrisa viser ulike engasjementstypar fordelt på løpetider.

¹ Engasjement fordelt på engasjementstypar og gjenstående løpetid morbank.

i 1.000 kr.

Engasjementstypar	Inntil 1 måned	1 - 3 månader	3 - 12 månader	1 - 5 år	Over 5 år	Utan løpetid	SUM
Utlån og fordringar	720 970	34 295	151 824	747 943	2 190 046	0	3 845 078
Unyttede rammer	0	0	0	0	287 449	0	287 449
Garantiansvar	0	0	0	78 146	16 014	0	94 160
SUM	720 970	34 295	151 824	826 089	2 493 509	0	4 226 687

4.5 MISLEGHOLD, NEDSKRIVINGAR OG AVSETNINGAR PÅ GARANTIAAR

Matrisa nedanfor viser mislighaldne og tapsutsette utlån, individuelle nedskrivningar på utlån og avsetningar på garantiansvar fordelt på typar av motpartar og geografiske område.

Misleghald, nedskrivningar, og avsetningar på garantiar morbank

i 1.000 kr.

Type motpart	Misleghaldne engasjement	Tapsutsette engasjement	Samla nedskrivningar ¹	Resultatførde nedskrivningar siste år ¹	Garantiar med avsetning ²	Avsetning på garantiar
Personkunder	24 800	0	4 128	840	0	0
Primærnæring	0	0	0	0	0	0
Industri	0	0	0	0	0	0
Bygg og anlegg	514	0	0	250	0	0
Handel, hotell, restaurant og transport	2 600	463	1 216	-1 584	0	0
Eigedomsdrift, privat tenesteyting m.fl.	5 086	24 418	5 370	1 413	0	0
Offentleg m.fl.	0	0	0	0	0	0
Eika Boligkreditt AS	0	0	0	0	0	0
Sum sektor-/næringsfordeling	33 000	24 881	10 714	919	0	0

¹ Kun individuelle nedskrivningar

² Samla garantibeløp der det er føreteke avsetning

4.6 ENDRING I NEDSKRIVINGAR PÅ UTLÅN OG AVSETNINGAR PÅ GARANTIANSVAR

Tabellane nedanfor viser utviklinga i nedskrivningar på utlån og avsetningar på garantiansvar for rekneskapsåret 2016.

Morbank

i 1.000 kr.

Endringar i nedskrivningar på individuelle utlån og avsetningar på garantiar siste år	Utlån	Garantiar	SUM
+ Individuelle nedskrivningar på utlån per 01.01	10 937		10 937
- Konstaterte tap gjennom året som er individuelt nedskrivne tidlegare år	1 634		1 634
+ Auka individuelle nedskrivningar gjennom året	467		467
+ Nye individuelle nedskrivningar gjennom året	3 334		3 334
- Tilbakeførte individuelle nedskrivningar på utlån gjennom året	2 390		2 390
Utgående balanse	10 714	0	10 714

i 1.000 kr.

Endringar i nedskrivningar på grupper av utlån siste år	SUM
Inngående balanse	6 200
+/- Nedskrivning på grupper av utlån i perioden	-1 100
Utgående balanse	5 100

i 1.000 kr.

Nedskrivningar i året og tilbakeføring på nedskrivningar gjort tidlegare år	Utlån	Garantiar	SUM
Endring i individuelle nedskrivningar i året	-223	0	-223
+/- Endring i gruppenedskrivning på utlån gjennom året	-1 100	0	-1 100
+ Konstanterte tap gjennom året som tidlegare er individuelt nedskrivne	7 379	0	7 379
+ Konstanterte tap i perioden som tidlegare ikkje er individuelt nedskrivne	946	0	946
- Inngang på tidlegare års konstanterte tap	473	0	473
Utgående balanse	6 529	0	6 529

4.7 BRUK AV OFFISIELL RATING TIL KAPITALDEKNINGSFØREMÅL

Etter standardmetoden kan kapitalkravet vera avhengig av motparten si offisielle rating. Offisiell rating vil i liten grad vera aktuelt for banken sine lånekunder, men kan vera aktuelt for utstedarar av verdipapir som banken plasserer i. I så fall er det ratingar frå Standard & Poor's, Moody's og/eller Fitch som er aktuelle. Indre Sogn Sparebank har pr. rapporteringstidspunkt ingen engasjement der ratinga påverkar kapitaldekninga.

4.8 ENGASJEMENTSBELØP OG BRUK AV SIKKERHEITER M.V. VED FASTSETTING AV KAPITALKRAV

Matrisa nedanfor viser samla engasjementsbeløp før og etter at det er teke omsyn til sikkerheiter (garantiansvar og finansielle sikkerheiter) og engasjementsbeløp som er trekt i frå den ansvarlege kapitalen.

Engasjementsbeløp og bruk av sikkerheiter m.v. ved fastsetjing av kapitalkrav

i 1.000 kr.

Engasjementskategoriar	Engasjements- beløp før sikkerheiter	Engasjements- beløp etter sikkerheiter	Fråtrekt ansvarleg kapital	Nytta ratin- byrå	Andel sikra med pant ¹	Andel sikra med garantiar ¹
Statar og sentralbankar	110 036	110 036		110 036	0 %	0 %
Lokal regional styresmakt	0	0		Ingen	0 %	0 %
Offentlege føretak	0	0		Ingen	0 %	0 %
Multilaterale utviklingsbankar	0	0		Ingen	0 %	0 %
Internasjonale organisasjonar	0	0		Ingen	0 %	0 %
Institusjonar	111 199	111 199		21 015	0 %	0 %
Føretak	283 782	278 740		Ingen	0 %	0 %
Massemarknadsengasjement	0	0		Ingen	0 %	0 %
Pansikkerheit eigedom	2 832 391	2 832 083		Ingen	89 %	0 %
Forfalne engasjement	23 660	18 722		Ingen	76 %	0 %
Høgprisiko-engasjement	10 903	10 903		Ingen	0 %	0 %
Obligasjonar med fortrinnsrett	65 128	65 128		65 128	0 %	0 %
Fordring på institusjonar og føretak med kortsiktig rating	6 261	6 261		6 261	0 %	0 %
Andelar verdipapirfond	45 315	45 315		Ingen	0 %	0 %
Eigenkapitalposisjonar	138 422	138 422	99 904	Ingen	0 %	0 %
Andre engasjement	111 305	107 579		Ingen	0 %	0 %
SUM	3 738 402	3 724 388	99 904			

¹ Her vert det kun teke omsyn til garantiar og pant som har betydning for berekning av kapitalkrav. Andel rekna av engasjementsbeløp før sikkerheiter.

Hovudtypar av pant som vert nytta til kapitaldekningsføremål er pant i bustad og fritidseigedom. Garantiar har i liten grad betydning for kapitaldekninga. I enkelte tilfelle vert garantiar frå bankar eller regionale styresmakter nytta. Indre Sogn Sparebank nyttar ikkje kredittderivat.

Banken føreteik ikkje motrekning av eksponeringar i eller utanfor balansen, ved berekning av kapitalkrav for kredittrisiko. Verdivurdering av sikkerheiter tek utgangspunkt i sikkerheita sin marknadsværdi. Sikkerheitsobjekt som er ukjende for banken, skal dokumentera verdien sin gjennom offentleg takst. I tillegg til takst, nyttar banken eigen marknadskunnskap ved fastsetting av verdi på eigedomar i primærmarknaden til banken.

Verdivurdering av bustadeigedomar vert oppdatert ved vesentlege endringar i marknaden, ved større opplåningar og minst kvart tredje år.

Det vert teke omsyn til konsentrasjonsrisiko i banken sin ICAAP, likevel slik at konsentrasjonsrisiko som følgje av konsentrasjon av typar sikkerheiter ikkje eksplisitt vert tilordna kapitalkrav.

4.9 MOTPARTSRISIKO KNYTT TIL DERIVAT

Indre Sogn Sparebank har ikkje derivat.

5. EIGENKAPITALPOSISJONAR

Banken rapporterer etter International Financial Reporting Standards (IFRS) og fortolkingar frå IFRS fortolkingskomité (IFRIC), som er fastsett av EU. For det avlagde rekneskapet er det ingen forskjellar mellom IFRS som fastsett av EU og IASB. Rekneskapet er utarbeida basert på historisk kost prinsippet med følgjande modifikasjonar: revaluering av tomstar, finansielle derivat og finansielle eigendelar og forpliktingar er vurdert til verkeleg verdi over resultatet. Indre Sogn Sparebank er eit konsern som er morbank, dotterselskapet Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS og tilknytt selskap ISSB Forsikring AS. All rapportering i høve til det offentlege er difor på konsolidert nivå dersom anna ikkje går fram av rapporteringa.

5.1 FINANSIELLE EIGENDELAR

5.1.1 Klassifisering

Banken klassifiserer finansielle eigendelar i følgjande kategoriar:

- til verkeleg verdi over resultatet
- utlån og fordringar
- eigendelar tilgjengeleg for sal

Klassifiseringa er avhengig av føremålet med eigendelen. Banken klassifiserer finansielle eigendelar ved anskaffing.

5.1.2 Finansielle eigendelar til verkeleg verdi over resultatet

Denne kategorien har to underkategoriar:

- finansielle eigendelar haldne for handelsføremål
- finansielle eigendelar som leiinga initielt har valt å klassifisera til verkeleg verdi over resultatet

Ein finansiell eigendel vert klassifisert i denne kategorien dersom han primært er skaffa med føremål å gi fortjeneste frå kortsiktige prissvingingar, eller dersom leiinga vel å klassifisera han i denne kategorien. Eigendelen sin verkelege verdi på balansedagen vert nytta i finansrekneskapet for denne kategorien. Eigendelar frivillig klassifisert til verkeleg verdi, inngår i banken sin likviditetsbuffer og skal raskt kunna omsetjast. Renteinntekter knytt

til verdipapir er inkludert i «Renteinntekter» etter effektiv rentemetoden. Andre verdiendringar inngår i linja «Netto vinst /tap på finansielle instrument». Banken har ingen finansielle eigendelar i kategorien haldne for handelsføremål. I den andre underkategorien inngår banken si portefølje av sertifikat, obligasjonar og den likvide delen av aksjeporteføljen.

Plassering av instrumenta er gjort i samsvar med marknadsstrategien til banken.

5.1.3 Utlån og fordringar

Utlån er ikkje-derivative finansielle eigendelar med faste eller bestembare betalingar som ikkje er omsett i ein aktiv marknad. Dei er ikkje definert som eigendelar vurdert til verkeleg verdi over resultat eller finansielle eigendelar tilgjengeleg for sal. Banken har klassifisert «Kontantar og fordringar til kredittinstitusjonar», «Utlån og fordringar til kredittinstitusjonar» og «Utlån og fordringar til kundar» i denne kategorien. Utlån vert bokført etter amortisert kost i finansrekneskapet.

5.1.4 Finansielle eigendelar tilgjengeleg for sal

Finansielle eigendelar tilgjengeleg for sal er ikkje-derivative finansielle eigendelar som banken vel å plassera i denne kategorien eller

som ikkje er klassifisert i nokon annan kategori. Føremålet med desse eigendelane er å generera inntekter over ein lengre tidshorison, eller strategiske plasseringar hjå samarbeidspartar. Eigendelen sin verkelege verdi på balanse-dagen vert nytta i finansrekneskapet for denne kategorien.

5.1.5 Rekneskapsføring og måling

Vanlege kjøp og sal av investeringar vert rekneskapsført på transaksjonstidspunktet, som er den dagen banken forpliktar seg til å kjøpa eller selja eigendelen. Alle finansielle eigendelar som ikkje vert rekneskapsført til verkeleg verdi over resultatet, vert balanseført første gang til verkeleg verdi pluss transaksjonskostnader.

Finansielle eigendelar som vert ført til verkeleg verdi over resultatet, vert rekneskapsført ved anskaffinga til verkeleg verdi og transaksjonskostnader vert resultatført. Investeringar vert fjerna frå balansen når rettane til å ta i mot kontantstraumar frå investeringa opphøyrer, eller når desse rettane er blitt overført og banken i hovudsak har overført all risiko og heile gevinstpotensialet ved eigarskapet. Finansielle eigendelar tilgjengeleg for sal og finansielle eigendelar til verkeleg verdi over resultatet, vert vurdert til verkeleg verdi etter balanseføring første gong. Utlån og fordringar vert rekneskapsført til amortisert kost ved bruk av effektiv rentemetoden.

Vinst eller tap frå endringar i verkeleg verdi av eigendelar klassifisert som «finansielle eigendelar til verkeleg verdi over resultatet», vert tekne med i resultatrekneskapet under «Netto vinst/tap på finansielle instrument» i den perioden dei oppstår. Endring i amortisert kost

vert resultatført. Urealisert vinst eller tap for finansielle eigendelar klassifisert tilgjengeleg for sal, vert rekna inn i eigenkapitalen over utvida resultat, med unntak av nedskrivningar ved verdifall, som vert resultatført. Ved avhending, blir akkumulert verdiendring på det finansielle instrumentet som tidligare er rekneskapsført over utvida resultat reversert og verdiendring blir resultatført. Verkeleg verdi av børsnoterte investeringar er basert på gjeldande kjøpskurs. Viss marknaden for verdipapiret ikkje er aktivt, eller viss det gjeld eit verdipapir som ikkje er børsnotert, brukar banken teknikkar for verdisetjing, for å fastsetja den verkelege verdien. Desse omfattar nyleg gjennomførde transaksjonar til marknadsvilkår, henvising til andre instrument som i vesentleg grad er like, og bruk av diskontert kontantstraumanalyse. Teknikkane vektlegg marknadsinformasjon i størst muleg grad og i minst grad selskaps-spesifikk informasjon. På kvar balansedag vurderer banken om det finst objektive indikatorar som tyder på at verdien av enkelte eigendelar eller grupper av finansielle eigendelar er forringa. For eigenkapital-instrument klassifisert som tilgjengeleg for sal, vil ein vesentleg eller ein langvarig reduksjon i verkeleg verdi av instrumentet under anskaffelseskost òg vera ein indikasjon på at eigendelen er utsett for verdifall. Dersom det ligg føre slike indikasjonar og verdireduksjonar tidligare har vore ført mot utvida resultat, skal det kumulative tapet som er rekna inn i utvida resultat omklassifiserast til banken sitt resultatrekneskap. Beløpet vert målt som differansen mellom anskaffelseskost og dagens verkelege verdi, med frådrag for tap ved verdifall som tidligare er resultatført.

6. RENTERISIKO

Indre Sogn Sparebank har identifisert følgjande kjelder til renterisiko:

- Utlån til kundar/andre bankar
- Renteberande plasseringar i verdipapir
- Innskot frå kundar
- Renteberande verdipapirgjeld
- Anna renteberande gjeld

Renterisiko på utlån til kundar oppstår i tilknytning til både flytande og fastforrenta utlån. I samsvar med finansavtalelova, gjeldande for privatpersonar, har banken ein varslingsfrist på seks veker før ein eventuell renteauke på utlån kan setjast i verk. Renterisikoen er primært knytt til behaldninga av renteberande verdipapir. Fastrenteinnskot og fastrenteutlån er til no mindre viktig for renterisikoen. Renterisikoen er primært knytt til behaldninga av renteberande verdipapir. Alle fastrenteinnskot i banken har forfall 31.12. Det er soleis ingen renterisiko knytt til fastrenteinnskot. Banken har NOK 7,75 mill. i fastrentelån med forfall frå tre år, alle med pant i fast eigedom. Banken yter ikkje fastrentelån til personkundemarknaden på eiga bok. Alle fastrentelån vert ytt gjennom Eika Boligkreditt AS. Banken har eitt fastrentelån til næringslivet stort NOK 7,75 mill. med attverande løpetid tre år.

Banken sine plasseringar i renteberande verdipapir er hovudsakleg sett saman av papir med flytande rente som vert regulert kvartalsvis. Banken får månadleg oversikt over kurs- og renterisiko frå meklarane til banken som vert brukt til styring av renterisiko.

Indre Sogn Sparebank har ei obligasjonsportefølje på NOK 95,04 mill. Renterisikoen vert redusert ved at dei aller fleste av obligasjonane er knytte opp mot ei avkastning lik tre mnd. Nibor. Sett i samanheng med andre balansepostar med rentebinding, har banken likevel ein viss renterisiko.

All renteberande verdipapirgjeld er lagt ut med flytande rente knytt til 3 månaders NIBOR og kvartalsvise rentejusteringar.

Styret har sett opp interne rammer for renterisiko. Banken ligg godt innafor desse rammene.

Banken er òg eksponert for renterisiko knytt til tap av rentenetto. Risikoen kjem fram som resultat av ulik rentebindingstid på ulike aktiva- og passivapostar i og utanfor balansen. Desse er obligasjonar, utlån til kundar, garantiar, innskot og verdipapirgjeld. Ei endring i marknadsrenta, vil gje auke eller reduksjon i banken sin rentenetto som følgje av det. Styret i banken har sett ramme for banken sin renterisiko og eksponering til NOK 2 mill. som maksimalt negativt utslag. Sjå note 37 i årsmelding 2016 for talfesting av sensitivitet ved 1 % renteendring. Renteberande verdipapirplasseringar, utlån, innskot frå kundar, finansinstitusjonar og låneopptak i marknaden er alle knytt til flytande rente. Utanom balansepostar, gjeld banken sitt løpande garantiansvar som er knytt til flytande rente. Renterisikoen blir månadleg rapportert til styret. Ulik rentebinding og referanserenter på utlån og innlån gir utslag på rentenetto i banken. Renterisiko blir redusert ved at innlån og utlån i høg grad blir tilpassa same rentevilkår.

All annan renteberande gjeld har òg flytande rente knytt til 3 månaders NIBOR og kvartalsvise rentejusteringar. I periodar der det inngår renteberande gjeld med fast rente, blir behovet for renteswappar vurdert i kvart enkelt tilfelle.

Banken måler renterisikoen ved at det vert berekna ein gjennomsnittleg durasjon, tid til neste renteendring, for dei forskjellige renteberande postane. Durasjonen vert nytta til å simulera verknaden av ein auke eller reduksjon i rentenivået på 1 %-poeng.

Eigenkapitalposisjonar

Type motpart	Bokført verdi	Verkeleg verdi	i 1.000 kr.			
			Realisert gevinst/tap i perioden	Urealisert gevinst/tap	Av dette medrekna i kjernekapital ¹⁾	Av dette medrekna i tilleggskapital ¹⁾
Aksjar og andelar - gevinstføremål	14 404	14 404	232	613	0	0
- børsnoterte aksjar	1 425	1 425	232	0	0	0
- andre aksjar og andelar	12 979	12 979	0	613	0	0
Aksjar og andelar - strategisk føremål	125 811	125 811	35	5 895	5 991	0
- børsnoterte aksjar	0	0	0	0	0	0
- andre aksjar og andelar	125 811	125 811	35	5 895	5 991	0

¹⁾ Av dette siktar til urealiserte gevinst/tap

Renterisikoen vert styrt etter vedtekne rammer og avgrensingar, hovudsakleg basert på forvaltningskapitalen til banken i følgjande policyar:

- Risikopolicy
- Marknadspolicy

i 1.000 kr.	
Renterisiko	Renterisiko¹
Eigendelar	
Utlån til kundar med flytande rente	-27 604
Utlån til kundar med rentebinding	-78
Renteberande verdipapir	-2 878
Andre renteberande eigendelar	-2 317
Gjeld	
Kundeinnskot med flytande rente	24 467
Kundeinnskot med rentebinding	0
Renteberande verdipapirgjeld	4 395
Anna renteberande gjeld	906
Utanom balansen	
Renterisiko i derivat	0
Sum renterisiko	-3 107

¹Renterisiko er rekna som eit anslag på verdiendring ved eitt prosentpoengs auke i renta

Banken har ingen renterisiko i utanlandsk valuta.

7. STYRING OG KONTROLL AV RISIKO

7.1 INNLEIING

God risiko- og kapitalstyring er eit sentralt verkemiddel i banken si verdiskaping. Styret i Indre Sogn Sparebank har ei målsetting om at risikoprofilen til banken skal vera låg til moderat.

Indre Sogn Sparebank brukar VIS modellen til Eika Gruppen AS. Modellen er ein restrisiko-modell basert på standardmetoden, som baserer seg på å identifisera dei risikoane som ikkje er dekkja av minstekravet. Modellen omfattar nødvendige arbeidsprosessar, instruksar, berekningar og andre dokument som er vurdert som nødvendige for å etablera ein tilstrekkelig ICAAP prosess. Nødvendig utvikling og tilpassing i eigen bank er gjennomført av administrasjonen i banken.

Risiko- og kapitalstyringa i banken tek utgangspunkt i det definerte strategiske målbildet slik dette kjem fram gjennom strategi-planen. Banken har etablert egne risiko-strategiar for kvart område, og det er konkretisert styringsmål og rammer for det enkelte risikoområde. Desse strategiane vert revidert minst årleg i samanheng med dei andre planprosessane til banken.

Styringsmål og rammer som er nedfelt i banken sine risikostrategiar skal bidra til å sikra lønnsemd i banken både på kort og lang sikt. Føremålet er å unngå for store risikokonsentrasjonar i verksemda. Konsentrasjonar som ved ei ugunstig utvikling kan bidra til å trua lønsemda og soliditeten til banken.

7.2 ORGANISERING OG ANSVAR

Ansvar og gjennomføring av banken si risikostyring og kontroll, er delt mellom styret i banken, leiging og operative eining.

7.2.1 Styret

Har ansvar for å sjå til at banken har ein ansvarleg kapital som er tilstrekkeleg ut i frå ynskt risiko og verksemda til banken, og syta for at banken er tilstrekkeleg kapitalisert ut i frå regulatoriske krav. Styret fastset dei overordna målsettingane relatert til risiko-profil og avkastning. Styret fastset vidare dei overordna rammene, fullmaktene og retningslinjer for risikostyringa i banken, og etiske reglar som skal bidra til ein høg etisk standard.

7.2.2 Adm. banksjef

Har ansvaret for den overordna risikostyringa og er ansvarleg for at det vert implementert effektive risikostyringssystem i banken, og at risikoeksponeringa vert overvaka. Adm. banksjef er vidare ansvarleg for delegering av fullmakter og rapportering til styret.

7.2.3 Risk and Compliance Manager

Indre Sogn Sparebank har saman med Voss Vekselbank, Aurland Sparebank og Vik Sparebank tilsett ein Risk and Compliance Manager. Indre Sogn Sparebank er vertsbank. Dette for å styrka risikostyringa og internkontrollen i desse bankane.

Indre Sogn Sparebank har fokus på risiko- og kapitalstyring, og det er ein integrert del av styret sitt arbeid.

7.2.4 Alle leiarane

Har ansvar for å styra risiko og sikra god intern kontroll innanfor eige område i tråd med risikoprofilen som er vedteken for banken. For å sikra god økonomisk og administrativ styring, skal den enkelte leiar ha nødvendig kunnskap om vesentlege risikoforhold innanfor eige område.

7.3 FØREMÅL OG PRINSIPP FOR ICAAP

ICAAP er banken sin eigen prosess for å vurdere banken sitt kapitalbehov. Denne kapitalbehovsvurderinga skal vera framoverskuande, og dette inneber at kapitalbehovet skal vurderast i forhold til banken sin noverande og framtidig risikoprofil. Det er difor eit overordna prinsipp at banken i tillegg til å berekna behovet ut i frå gjeldande eksponering (eventuelt rammer) òg må vurdere kapitalbehovet i lys av planlagd vekst og eventuelle vedtekne strategiske endringar m.v.

Risikotoleranse er storleiken på den risikoen banken er villig til å ta i verksemda si for å nå måla sine. Risikotoleransen kjem til uttrykk i rammeverket for verksemda, herunder avgrensingar i vedtekter, policyar, fullmakter, retningslinjer og rutinar. For nokre av risikoane er det vanleg å fastsetja kvantitative avgrensingar på risiko, til dømes kvantitative rammer for marknadsrisiko, rammer for store engasjement, rammer for eksponering mot enkeltbransjar osv. For andre risikotypar er det meir naturleg å nytta kvalitative avgrensingar. Slike avgrensingar angir kor langt banken er villig til å strekka seg på enkeltrisikoar, og representerer difor ein beskriving av risikotoleransen for desse enkeltrisikoane. Banken sin risikotoleranse er forsøkt reflektert i kapitalbehovet som vert berekna for kvar enkelt risiko.

Ved utrekning av samla kapitalbehov for alle risikoane, kan det argumenterast for at dei ulike risikoane ikkje vil materialisera seg samtidig, og at det difor eksisterer diversifikasjons-effektar som inneber at det samla kapitalbehovet er lågare enn summen av kapitalbehovet for dei enkelte risikoane. Banken har valt å leggja ein konservativ tilnærming til grunn, og ser difor bort frå slike effektar.

Banken stresstestar effekten på kapitaldekninga av eit alvorleg tilbakeslag/nedgongskonjunktur. I tillegg gjennomfører banken ein «omvendt» stresstest. I ein slik stresstest bestemmer banken først kva kapitaldekning som er so låg at banken risikerer å bli sett under administrasjon og/eller overteken. Deretter simulerer banken med ulike kombinasjonar av

parameterverdiar som i sum gir det resultatet banken har fastsett. Hensikta med ein slik omvendt stresstest er å gi banken ytterlegare kunnskap om kor mykje som skal til før kapitaldekninga til banken fell under eit kritisk nivå. Banken gjennomfører òg stress-testar av marknadsrisiko og likviditetsrisiko.

Banken har vedteke eit minimumsnivå for kapital som skal visa banken sin samla risikotoleranse. Vurderinga er basert på utrekna kapitalbehov, offentlege krav og forventningar frå marknaden. Det er etablert eit sett av handlingsreglar der det går fram kva for tiltak som skal setjast i verk ved ulike nivå av faktisk kapital. Banken sitt kapitalmål og overordna retningslinjer for vurdering av kapitalbehovet, er vedteke av styret til banken. Administrasjonen gjennomfører dei relevante vurderingane, berekningar og legg det fram for styret. Ein slik gjennomgang vert gjort minst ein gong per år. Styret er aktivt med i prosessen, og banken nyttar ekstern revisor i kvalitetssikringa av arbeidet.

Banken si interne vurdering av kapitalbehovet inneber ein analyse og berekning av kapitalbehov for følgjande risikoar:

- Kredittrisiko
- Likviditetsrisiko
- Marknadsrisiko
- Operasjonell risiko
- Konsentrasjonsrisiko
- Eigeomspriserisiko
- Forretningsrisiko
- Omdømerisiko
- Strategisk risiko
- Systemrisiko

Berekning av kapitalbehov for enkeltrisikoar vert gjort ved hjelp av ulike metodar mellom anna bruk av stresstestar i form av følsomheitsanalysar. I slike følsomheitsanalysar vert det fokusert på betydinga av endringar i ein enkelt variabel. I tillegg gjennomfører banken stresstesting i form av scenarioanalyse som er meint å visa betydinga for banken samla sett av samtidige endringar i fleire relevante faktorar.

7.4 STYRING OG KONTROLL AV ENKELTRISIKOAR

I det følgjande vert det gitt ein gjennomgang av banken si handtering av dei enkelte risikoane.

Indre Sogn Sparebank er ein mellomstor kredittinstitusjon. Det er difor eit overordna mål for styret at banken sin kredittpolicy byggjer på forsvarleg risiko. Banken har utarbeida eit eige regelverk som bidreg til avgrensingar og styring av den finansielle risikoen. Finansiell risiko er delt inn i kredittisiko, likviditetsrisiko og marknadsrisiko. Marknadsrisiko er sett saman av renterisiko, valutarisiko og aksjekursrisiko. Nedanfor følgjer ei beskriving av dei ulike typene av risiko, og korleis banken har handtert desse.

Risikostyringsfunksjonen er organisert som ein integrert del av banken sitt internkontrollsystem. Ansvarleg avdelingsleiar utfører avviksrapportering til adm. banksjef, som igjen syter for vidare rapportering til banken sitt styre der det er påkrevd.

7.4.1 Kredittrisiko

Kredittrisiko er definert som risiko for tap knytt til at kundar eller andre motpartar ikkje kan gjera opp for seg til avtalt tid og i samsvar med skrivne avtalar, og at mottekne sikkerheiter ikkje dekker uteståande krav. Denne typen risiko knyter seg hovudsakleg til større privat- og næringsengasjement, men òg til banken sine plasseringar i verdipapir.

Regelverket til banken, både i kreditthandboka og i reglane for verksemda på verdipapirmarknaden, gir klare avgrensingar i volum og krav til sikkerheit. Ein stor del av banken sine utlån er sikra med pant i fast eigedom, ved årsskiftet er berre ca. 0,4 % av utlåna til banken ytt utan nokon form for sikkerheit. Det er mindre forbrukslån og små lønskontolån og kredittar gitt på sokalla standardiserte vilkår.

Banken har investert i ei obligasjonsportefølje for å sikra ein nødvendig likviditetsbuffer, og er sett saman av obligasjonar utstedt av andre kredittinstitusjonar, kommunar og industri-selskap. Det knyter seg liten til middels kredittisiko til denne porteføljen. Ved årsskiftet er dei enkelte papira i porteføljen vurdert til det lågaste av kostpris og marknadspris.

7.4.1.1 Modell for risikoklassifisering

Indre Sogn Sparebank nyttar ein sannsynlegheitsbasert (PD – probability of default) risikoklassifiseringsmodell på alle kundar der det er risiko for tap for banken. Det betyr at alle kundar med lån, kreditt eller garanti blir risikoklassifisert, i tillegg til kundar med overtrekk over NOK 1.000,-. Risikoklassifiseringsmodellane er delt i to hovudmodeller – ein for personmarknad og ein for bedriftsmarknad.

Hovudmodellane er igjen delt i ulike undermodellar. Det vert òg gjort eit modellmessig skilje mellom eksisterande og nye kundar. Risikoklassifiseringsmodellen som banken nyttar bereknar sannsynlegheit for at kunden går i mislighald i løpet av dei neste 12 månadane.

7.4.1.2 Indre Sogn Sparebank si risikoklassifisering

Sannsynlegheit for mislighald i prosent		
Risikoklasse	Frå og med	Til
1	0,01	0,10
2	0,10	0,25
3	0,25	0,50
4	0,50	0,75
5	0,75	1,25
6	1,25	2,00
7	2,00	3,00
8	3,00	5,00
9	5,00	8,00
10	8,00	100,00
11	Misleghald	
12	Tapsutsett	

Basert på risikoklassifiseringssystemet til Indre Sogn Sparebank der risikoklasse 1 representerer lågast og risikoklasse 12 høgast risiko. I risikoklasse 11 er alle kundar med mislighald over NOK 1.000 i 90 dagar gruppert. I risikoklasse 12 er alle kundar som banken har vurdert som tapsutsette gruppert.

7.4.1.3 Misleghaldne og tapsutsette engasjement

Kredittrisiko på utlån og garantiar kjem som følgje av at engasjement vert misleghaldne eller det skjer hendingar som gjer det svært

sannsynleg at engasjementet vil bli påført tap på eit seinare tidspunkt. Eit engasjement vert vurdert som misleghalde når kunden ikkje har betalt forfallen termin innan 90 dagar etter forfall, eller når overtrekk på rammekreditt ikkje er dekkja inn innan 90 dagar etter at rammekreditten ble overtrekt. Misleghaldne engasjement blir gjennomgått og handsama fortløpande av administrasjonen i banken. Styret i banken får månadleg rapportar vedkomande utviklinga på misleghald. Sjå note 19 i årsmelding & rekneskap 2016 for opplysningar om misleghaldne og tapsutsette utlån og trygda for desse. Tapsutsette engasjement er engasjement som ikkje er misleghaldne, men der kunden sin økonomiske situasjon inneber ei stor sannsynlegheit for at eit allereie oppstått tap vil materialisera seg på eit seinare tidspunkt. Rentene på slike utlån løper som normalt inntil misleghaldet oppstår.

7.4.1.3 Nedskrivningar

Dersom det ligg føre objektive indikasjonar for tap på engasjement, blir engasjementet nedskrive til verdien av framtidige kontantstraumar neddiskontert basert på effektiv rente. Utlånsporteføljen er delt inn i grupper med tilnærma lik risikoprofil, og blir nedskriven dersom det ligg føre objektive indikasjonar for tap på grupper. Individuelt vurderte lån blir trekt ut av tilhøyrande gruppe og er ikkje med i grunnlaget for gruppenedskrivningar.

Banken gjennomgår portefølje av utlån og garantiar og føreteke individuelle nedskrivningar. Gruppenedskrivningar på utlån og garantiar blir føreteke med basis i risikoklassifiseringa og modellen for gruppenedskrivning byggjer på bransjeinndeling av kundane, offentlege tilgjengelege konkurssannsynlegheiter og forventa restverdi på objekta.

7.4.2 Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er definert som risikoen for at ein bank ikkje klarer å oppfylle forpliktingane sine og/eller finansiera auke i eigendelane utan at det oppstår vesentlege ekstraomkostningar i form av prisfall på eigendelar som må realiserast, eller i form av ekstra dyr finansiering. Nivået på banken sin ansvarlege kapital vil vera ein sentral føresetnad for å kunne tiltrekka seg nødvendig funding til ei kvar tid.

Styret i banken vurderer likviditetsrisikoen i Indre Sogn Sparebank som god. Styret får månadlege rapportar om likviditetssituasjonen i banken.

7.4.3 Marknadsrisiko

Marknadsrisiko er definert som risiko for tap i marknadsverdiar knytt til porteføljar av finansielle instrument som følgje av svingingar i aksjekursar, valutakursar, renter og råvareprisar.

7.4.3.1 Aksjekursrisiko

Aksjekursrisikoen omhandlar risiko i høve til aksjar og aksjefond. Desse vert delt inn i «verkeleg verdi med verdiendringar over resultatet» og «tilgjengeleg for sal».

«Verkeleg verdi med verdiendringar over resultatet» er hovudsakleg sett saman av aksjar, eiendomsfond og private equity banken har for gevinstføremål.

«Tilgjengelig for sal» er hovudsakleg sett saman av aksjar i strategiske selskap.

Storleiken og kursutviklinga på omløpsporteføljen inngår i den månadlege rapporteringa til styret i banken.

Anleggsbeholdninga er hovudsakleg sett saman av aksjar i strategiske selskap.

Verksemda vert styrt av eigne reglar fastsett av styret, og det er gitt klare fullmakter og volumavgrensingar på området.

7.4.3.2 Valutarisiko

Banken handlar ikkje med valuta anna enn kjøp og sal av reisevaluta til kundane i banken. Valutarisikoen er difor minimal.

7.4.4 Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er definert som risikoen for tap eller sviktande inntening som skuldast utilstrekkelege eller sviktande interne prosessar, svikt hjå menneske og i system eller eksterne hendingar. Tapet kan skuldast bevisste eller ubevisste handlingar og/eller hendingar.

Operasjonell risiko blir ei form for «restrisiko» som ikkje er dekkja av dei andre risikoområda. Risikoen vert styrt ved at det vert teke løpande

kontrollar med utgangspunkt i banken sine etablerte internkontrollrutinar. Avdekka avvik vert rapportert løpande via avdelingsleiarane til adm. banksjef, som igjen i enkelte situasjonar, rapporterer vidare til styret i banken.

7.4.5 Konsentrasjonsrisiko

Konsentrasjonsrisiko er definert som risiko for tap som følgje av konsentrasjon om:

- Einskildkundar
- Enkelt bransjar
- Geografiske område

Banken har fire store engasjement. Desse er godt pantesikra og banken har difor ikkje berekna risikotillegg på desse pr. 31.12.2016. Styret i banken går gjennom store engasjement to gonger for året.

Ekstra konjunkturutsette bransjar har banken definert til å omfatta fiske/fangst, hotell/restaurant og transport. Styret vurderer eksponeringa i dei ulike næringane kvart kvartal.

I banken sin nærmarknad ligg ei stor hjørnesteinsbedrift. Dei siste åra har bedrifta sin dominans minka.

Banken har utlån i primærområdet, Indre Sogn, på 73,6 %. Andre utlån er fordelt på Bergen og resten av landet. Me meiner dette gir ein god risikospreiing.

7.4.6 Egedomsprisrisiko

Denne risikotypen er definert som risiko for uventa verdifall på institusjonen sine eigedomar eller i porteføljar av eigedomsinvesteringar. Egedomsprisrisiko knytt til utlån til eigedomssektoren eller eigendelar som sikkerheit er dekkja under kredittrisiko

og konsentrasjonsrisiko. Banken eig eigne bankbygg som er bokført til NOK 19,31 mill.

7.4.7 Forretningsrisiko

Forretningsrisiko er definert som risikoen for uventa inntektssvingingar ut i frå andre forhold enn kredittrisiko, marknadsrisiko og operasjonell risiko. Risikoen kan opptre i ulike forretnings- eller produktsegment og vera knytt til konjunktursvingingar og endra kundeåtfærd. Styret i banken vurderer forretningsrisikoen ein gong kvart år eller oftare ved behov.

7.4.8 Strategisk risiko

Strategisk risiko er risiko for uventa tap eller sviktande inntening i høve til prognosar knytt til vekstambisjonar, oppstart i nye marknader eller oppkjøp.

Banken vurderer risikoen for sviktande inntening i høve til prognosar knytt til ambisjonar om vekst, oppstart i nye marknader eller oppkjøp, som låg.

7.4.9 Systemrisiko

Systemrisiko for Eika-bankane kan vera at problem hjå andre (større) bankar kan smitta over på den enkelte Eika-banken. Det kan vera:

- Fallande verdiar på verdipapirportefølje
- Vanskeleg å få ta tak i likviditet plassert i andre bankar
- Vanskeleg å få funding på normale vilkår
- DnB som oppgjersbank er ikkje i stand til å gjennomføra oppgjær gjennom dagen

Alt dette kan utgjera ein systemrisiko dersom andre bankar får problem. Ovannemnde risiko vil etter banken sitt syn vera dekkja opp ved kapitalbehovsvurdering av likviditets- og kredittrisiko.

7.5 BANKEN SI GODTGJERSLEORDNING

På desembermøtet kvart år skal styret i eiga sak vurdere arbeidet sitt og kompetansen sin. Godtgjersle til styremedlemene skal fremjast av styret og godkjennast av generalforsamlinga. Styregodtgjersle vert elles vurdert mot styregodtgjersle hjå børsnoterte selskap, og justert etter dette. Styremedlemmer, eller selskap som dei er knytte til, skal ikkje ta på seg særskilte oppgåver for selskapet i tillegg til styrevervet. Dersom dei likevel gjer det, skal heile styret vera informert. Honorar for slike oppgåver skal godkjennast av styret.

Det vert i årsmeldinga informert om alle godtgjersler til styremedlemene. Dersom det har vore gjeve godtgjersle utover vanleg styrehonorar, skal det spesifiserast.

Retningslinjer for godtgjersle til adm. banksjef skal fastsettast i avtale mellom partane og godkjennast av styret. Anna godtgjersle til leiande personale er fastsett i avtale mellom tilsette og leing. Styret skal informerast om honoreringsprinsipp for leiande personale.

Fastsetting av godtgjersle til adm. banksjef skal gjerast av det samla styret.

Samla godtgjersle til adm. banksjef og andre leiande tilsette skal gå fram av årsmeldinga.

Samla godtgjersle for adm. banksjef og andre leiande tilsette går fram av note 13 i årsmeldinga for 2016.

7.5.1 Pensjonspliktingar

Banken si pensjonsordning oppfyller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon. Pensjonsordninga er generelt finansiert gjennom innbetalingar til forsikringsselskap, fastsett basert på periodiske aktuarberekningar. Morbanken har tre pensjonsordningar:

- Ytingsplanbasert ordning
- Innskotsbasert ordning
- Gamal AFP-ordning

Ytingsplanen gjeld for to tilsette etter at forstandarskapet i andre kvartal 2015 vedtok å endre pensjonsordninga for tilsette i

morbanken. Den ytingsbaserte pensjonsordninga for tilsette i morbanken vart avvikla frå og med 01. juli 2015, med unntak for to eldre tilsette i morbanken. Alle tilsette i ytingsordninga fekk fripolise for opptente ytingar i pensjonsordninga. Dei tilsette dette gjeld, fekk ny innskotsbasert pensjonsordning frå og med 01.07.2015.

Typisk for ein ytingsplan, er ei pensjonsordning som definerer ei pensjonsutbetaling som ein tilsett vil få ved pensjonering. Pensjonsutbetalinga er avhengig av ein eller fleire faktorar slik som alder, tal år i selskapet og sluttlønn ved pensjonstidspunkt. Den balanseførde forpliktinga knytt til ytingsplanar er noverdien av dei definerte ytingane på balansedatoen minus verkeleg verdi av pensjonsmidlane.

Pensjonsforpliktinga vert utrekna årleg av ein uavhengig aktuar som brukar ein lineær oppteningsmetode. Noverdien av dei definerte ytingane vert bestemt ved å diskontera estimerte framtidige utbetalingar med renta på føretaksobligasjonar (OMF).

Med unntak av dei to tilsette nemnd ovanfor, gjeld den innskotsbaserte ordninga for alle tilsette frå 01.07.2015.

AFP-ordninga gjeld berre for dei pensjonistane som hadde rett til AFP etter gamal pensjonsordning.

7.5.2 Bonusplanar

Banken har ei generell ordning for variabel godtgjersle som er definert under punkt 5 i rundskriv 15/2015 av 01.12.2015 "Godtgjørelesordningar i finansinstitusjoner, verdipapirforetak og forvaltningsselskaper for verdipapirfond" frå Finanstilsynet. Ordninga omfattar heile banken og gir ikkje incentiv-effekt når det gjeld overtaking av risiko.

Banken vedtek retningslinjer for utbetaling av bonus i starten på rekneskapsåret, vanlegvis i februar. I påfølgjande år når banken ser om dei tilsette har oppfylt krava til bonus, vert bonusen vedteken, utbetalt og kostnadsført som regel i februar.

8 STASKJEMAER FOR OFFENTLEGGJERING AV OPPLYSNINGAR OM ANSVARLEG KAPITAL

8.1 Fondobligasjon

Skjema for offentliggjøring av de viktigste avtalevilkårene for kapitalinstrumenter		
1	Ursteder	Indre Sogn Sparebank
2	Entydig identifikasjonskode (f.eks. CUSIP, ISIN eller Bloomberts identifikasjonskode for rettede emisjoner)	NO0010238264
3	Gjeldende lovgivning for instrumentet, Behandling etter kapitalregelverket	EU-forordningen for Basel III og er godkjend av Finanstilsynet som kjemekapital
4	Regler som gjelder i overgangsperioden	Anna godkjend kjemekapital
5	Regler som gjelder etter overgangsperioden	Anna godkjend kjemekapital
6	Medregning på selskaps- eller (del)konsolidert nivå, selskaps- og (del)konsolidert nivå	Selskap
7	Instrumenttype (typer skal spesifiseres for hver jurisdiksjon)	Fondsobligasjonskapital
8	Beløp som inngår i ansvarlig kapital (i millioner NOK fra seneste rapporteringsdato)	NOK 50 mill.
9	Instrumentets nominelle verdi	NOK 50 mill.
9a	Emisjonskurs	100
9b	Innløsningskurs	100
10	Regnskapsmessig klassifisering	Gjeld amortisert kost
11	Opprinnelig utstedelsesdato	30.04.2013
12	Evigvarende eller tidsbegrenset	Evigvarande
13	Opprinnelig forfallsdato	Ingen forfallsdato
14	Innløsningsrett for utsteder forutsatt samtykke fra Finanstilsynet	Ja
15	Dato for innløsningsrett, eventuell betinget innløsningsrett og innløsningsbeløp	Calldato 30.04 NOK 40 mill.
16	Datoer for eventuell etterfølgende innløsningsrett	Seinare kvartalsvis på rentereguleringsdato
Renter/utbytte		
17	Fast eller flytende rente/utbytte	Flytande
18	Rentesats og eventuell tilknyttet referanserate	3 mnd. NIBOR + 4,90%
19	Vilkår om at det ikke kan betales utbytte hvis det ikke er betalt rente på instrumentet («dividend stopper»)	Nei
20a	Full fleksibilitet, delvis fleksibilitet eller pliktig (med hensyn til tidspunkt)	Full fleksibilitet
20b	Full fleksibilitet, delvis fleksibilitet eller pliktig (med hensyn til beløp)	Full fleksibilitet
21	Vilkår om renteøkning eller annet incitament til innfrielse	Nei
22	Ikke-kumulativ eller kumulativ	Nei
Konvertering/nedskrivning		
23	Konvertibel eller ikke konvertibel	Ja
24	Hvis konvertibel, nivå(e) som utløser konvertering	Dersom Finanstilsynet eller annan kompetent styresmakt instruerer til konvertering i henhold til det eikvar tid gjeldande lovverk
25	Hvis konvertibel, hel eller delvis	Heil eller delvis
26	Hvis konvertibel, konverteringskurs	N/A
27	Hvis konvertibel, pliktig eller valgfri	N/A
28	Hvis konvertibel, oppgi instrumenttypen det konverteres til	Anna godkjend kjemekapital
29	Hvis konvertibel, oppgi utsteder av instrumentene det konverteres til	N/A
30	Vilkår om nedskrivning	Ja
31	Hvis nedskrivning, nivå som utløser nedskrivning	Viss kapitaldekninga til utsteder fell under dei til eikvar tid gjeldande minstekrav, eller under andre fastsette minstekrav
32	Hvis nedskrivning, hel eller delvis	Heil eller delvis
33	Hvis nedskrivning, med endelig virkning eller midlertidig	Midlertidig
34	Hvis midlertidig nedskrivning, beskrivelse av oppskrivningsmekanismen	N/A
35	Prioritetsrekkefølge ved avviking (oppgi instrumenttypen som har nærmeste bedre prioritet)	Sparebankens fond
36	Vilkår som gjør at instrumentet ikke kan medregnes etter overgangsperioden	Nei
37	Hvis ja, spesifiser hvilke vilkår som ikke oppfyller nye krav	N/A

Sett N/A hvis spørsmålet ikke er relevant.

8.2 Ansvarleg lånekapital

Skjema for offentliggjøring av de viktigste avtalevilkårene for kapitalinstrumenter		
1	Utsteder	Indre Sogn Sparebank
2	Entydig identifikasjonskode (f.eks. CUSIP, ISIN eller Bloombergs identifikasjonskode for rettede emisjoner)	NO0010720907
3	Gjeldende lovgivning for instrumentet.	EU-forordningen for Basel III og er godkjend av Finanstilsynet som tilleggs kapital
Behandling etter kapitalregelverket		
4	Regler som gjelder i overgangsperioden	Anna godkjend tilleggs kapital
5	Regler som gjelder etter overgangsperioden	Anna godkjend tilleggs kapital
6	Medregning på selskaps- eller (del)konsolidert nivå, selskaps- og (del)konsolidert nivå	Selskap
7	Instrumenttype (typer skal spesifiseres for hver jurisdiksjon)	Ansvarleg lånekapital
8	Beløp som inngår i ansvarlig kapital (i millioner NOK fra seneste rapporteringsdato)	NOK 50 mill.
9	Instrumentets nominelle verdi	NOK 50 mill.
9a	Emisjonskurs	100
9b	Innløsningskurs	100
10	Regnskapsmessig klassifisering	Gjeld amortisert kost
11	Opprinnelig utstedelsesdato	03.10.2014
12	Evigvarende eller tidsbegrenset	Evigvarande
13	Opprinnelig forfallsdato	Ingen forfallsdato
14	Innløsningsrett for utsteder forutsatt samtykke fra Finanstilsynet	Ja
15	Dato for innløsningsrett, eventuell betinget innløsningsrett og innløsningsbeløp	Calldato 22.08.2019 NOK 50 mill.
16	Datoer for eventuell etterfølgende innløsningsrett	Seinare kvartalsvis på rentereguleringsdato
Renter/utbytte		
17	Fast eller flytende rente/utbytte	Flytande
18	Rentesats og eventuell tilknyttet referanserate	3 mnd. NIBOR + 1,70%
19	Vilkår om at det ikke kan betales utbytte hvis det ikke er betalt rente på instrumentet («dividend stopper»)	Nei
20a	Full fleksibilitet, delvis fleksibilitet eller pliktig (med hensyn til tidspunkt)	Full fleksibilitet
20b	Full fleksibilitet, delvis fleksibilitet eller pliktig (med hensyn til beløp)	Full fleksibilitet
21	Vilkår om rentøkning eller annet incitament til innfrielse	Nei
22	Ikke-kumulativ eller kumulativ	Nei
Konvertering/nedskrivning		
23	Konvertibel eller ikke konvertibel	Ja
24	Hvis konvertibel, nivå(er) som utløser konvertering	Dersom Finanstilsynet eller annan kompetent styresmakt instruerer til konvertering i henhold til det eikvar tid gjeldende lovverk
25	Hvis konvertibel, hel eller delvis	Heil eller delvis
26	Hvis konvertibel, konverteringskurs	N/A
27	Hvis konvertibel, pliktig eller valgfri	N/A
28	Hvis konvertibel, oppgi instrumenttypen det konverteres til	Anna godkjend tilleggs kapital
29	Hvis konvertibel, oppgi utsteder av instrumentene det konverteres til	N/A
30	Vilkår om nedskrivning	Ja
31	Hvis nedskrivning, nivå som utløser nedskrivning	Viss kapitaldekninga til utsteder fell under dei til eikvar tid gjeldande minstekrav, eller under andre fastsette minstekrav
32	Hvis nedskrivning, hel eller delvis	Heil eller delvis
33	Hvis nedskrivning, med endelig virkning eller midlertidig	Midlertidig
34	Hvis midlertidig nedskrivning, beskrivelse av oppskrivningsmekanismen	N/A
35	Prioritetsrekkefølge ved avviking (oppgi instrumenttypen som har nærmeste bedre prioritet)	Sparebankens fond
36	Vilkår som gjør at instrumentet ikke kan medregnes etter overgangsperioden	Nei
37	Hvis ja, spesifiser hvilke vilkår som ikke oppfyller nye krav	N/A
Sett N/A hvis spørsmålet ikke er relevant.		

8.3 Samansetning av ansvarleg kapital

	(A) Beløp på datoen for offentliggjøring	(B) Referanser til artikler i forordningen (CRR)	(C) Beløp omfattet av overgangsregler
Ren kjernekapital: Instrumenter og opptjent kapital			
Kapitaldekning og buffere			
61	Ren kjernekapitaldekning	15,04 %	92 (2) (a)
62	Kjernekapitaldekning	15,72 %	92 (2) (b)
63	Kapitaldekning	16,97 %	92 (2) (c)
64	Kombinert bufferkrav som prosent av beregningsgrunnlaget	10,00 %	CRD 128, 129, 130, 131 og 133
65	herav: bevaringsbuffer	43.660	
66	herav: motsyklisk buffer	17.464	
67	herav: systemrisikobuffer	52.392	
67a	herav: buffer for andre systemviktige institusjoner (O-SII-buffere)		CRD 131
68	Ren kjernekapital tilgjengelig for oppfyllelse av bufferkrav	8,97 %	CRD 128
69	Ikke relevant etter EØS-regler		
70	Ikke relevant etter EØS-regler		
71	Ikke relevant etter EØS-regler		
Kapitaldekning og buffere			
72	Beholdninger av ansvarlig kapital i andre selskaper i finansiell sektor der institusjonen har en ikke vesentlig investering, som samlet er under grensen på 10 %. Beløp regnet etter fradrag som er tillatt for korte posisjoner.	30.063	36 (1) (h), 45, 46, 472 (10), 56 (c), 59, 60, 66 (c), 69 og 70
73	Beholdninger av ren kjernekapital i andre selskaper i finansiell sektor der institusjonen har en vesentlig investering, som samlet er under grensen på 10 %. Beløp regnet etter fradrag som er tillatt for korte posisjoner.		36 (1) (i), 45 og 48
74	Tomt felt i EØS		
75	Utsatt skattefordel som skyldes midlertidige forskjeller redusert med utsatt skatt som kan motregnes, som er under grensen på 10 %.		36 (1) (c), 38 og 48
Grenser for medregning av avsetninger i tilleggs kapitalen			
76	Generelle kredittreserver		62
77	Grense for medregning av generelle kredittreserver i tilleggs kapitalen		62
78	Tallverdien av negative verdier av justert forventet tap		62
79	Grense for medregning i tilleggs kapitalen av overskytende regnskapsmessige nedskrivninger		62
Kapitalinstrumenter omfattet av overgangsbestemmelser			
80	Grense for medregning av rene kjernekapitalinstrumenter omfattet av overgangsbestemmelser		484 (3) og 486 (2) og (5)
81	Overskytende ren kjernekapital omfattet av overgangsbestemmelser		484 (3) og 486 (2) og (5)
82	Grense for medregning av fondsobligasjonskapital omfattet av overgangsbestemmelser		484 (4) og 486 (3) og (5)
83	Overskytende fondsobligasjonskapital omfattet av overgangsbestemmelser		484 (4) og 486 (3) og (5)
84	Grense for medregning av ansvarlig lånekapital omfattet av overgangsbestemmelser		484 (5) og 486 (4) og (5)
85	Overskytende ansvarlig lånekapital omfattet av overgangsbestemmelser		484 (5) og 486 (4) og (5)



INDRE SOGN
SPAREBANK
Ekte lokalbank ved di side

ORG. NR.: 837 897 912

TELEFON: 57 64 85 10

WWW.ISSB.NO

NETTPOST@INDRESOGNSPAREBANK.NO

Øvre Årdal – Årdalstangen – Lærdal – Sogndal – Bergen